



SAKSHANDSAMAR  
Ingrid Melgård  
Kaare Stang

VÅR REF.  
26/02185-1

DYKKAR REF.

VÅR DATO  
29.05.2026

DYKKAR DATO

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

## Vedtak om fredning av Ystås, gnr. 615 og bnr. 1, 3, 4 og 5, i Voss herad



*Klyngetunet på Ystås består i dag av 13 bygninger fordelt på fire bruk. Foto Trond Isaksen, Riksantikvaren*

Vi viser til tidlegare utsende fredingsforslag for Ystås frå Vestland fylkeskommune 21. februar 2024 og som har vore på høyring hos partar og instansar dette gjeld.

På grunnlag av dette gjer Riksantikvaren følgjande vedtak:

## Vedtak om freding

Riksantikvaren fredar Ystås, gnr. 615, bnr. 1, 3, 4 og 5, i Voss herad. Fredinga blir gjort med heimel i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) §§ 15 og 19.

### Formålet med fredinga

#### Formålet med fredinga etter kulturminnelova § 15

Formålet med fredinga er å sikre og bevare Ystås som eit kulturhistorisk viktig eksempel på klyngetuna på Vestlandet i tida før utskiftinga og moderniseringa av jordbruket under det store hamskiftet. Ystås er eit særst godt bevart klyngetun med stor tidsdjupne der tunskipnaden, med både enkeltbygningar og den innbyrdes samanhengen mellom dei, er særst godt bevart. Formålet med fredinga er vidare å sikre kulturminna som kjelde til kunnskap om klyngetuna, herunder tunskipnaden (bygningane sin plassering i tunet), byggeskikk, og ulike bygningstypar som ei kjelde til kunnskap om vestlandsbonden sitt levevis i jordbrukssamfunnet før det store hamskiftet som kom med utskiftingane frå slutten av 1800-talet og framover. Formålet med fredinga er òg å sikra spora etter mangesyssleriet, som var ein viktig del av bøndene sin levemåte på Ystås.

Fredinga skal bidra til å:

- sikre kulturhistoriske verdiar ved at kulturminna og kulturmiljøet blir bevarte,
- bevare opphavlege og eldre strukturar, samt seinare tilføyningar til kulturminna som uttrykk for ei historisk utvikling,
- bevare eksteriøret til kulturminna med hovudstruktur og detaljering, opphavlege/eldre vindaug og dører, materialbruk og overflater på fasadane
- bevare interiøret til kulturminna med rominndeling, bygningsdelar og overflater som er av kulturhistorisk interesse,
- bevare fast inventar som ein integrert del av byggverka,
- sikre at opplegget for akslingar og reimer for kraftoverføring til maskinene i verkstaden og til slipesteinen til bruk 1 blir bevart.


#### Formålet med fredinga etter § 19

Fredinga av området kring bygningane som er freda etter kulturminnelova § 15 skal bidra til å:


- bevare verknaden av bygningane i kulturmiljøet og landskapet slik at tunet også i framtida skal kunne opplevast som ein del av eit heilskapleg jordbrukslandskap,
- sikre den innbyrdes, visuelle og funksjonelle samanhengen mellom bygningane,
- bevare grønstrukturen inne i tunet for å ivareta nærverknaden av omgjevnadane til dei freda bygningane,
- beskytte vitskapelege interesser som knyter seg til kulturminna.

## Omfanget av fredinga

Fredinga omfattar kulturminna og området som er lista opp og avmerkte på kartet nedanfor:



Kartet viser omfanget av bygningane freda etter kulturminnelova § 15 og området freda etter § 19.



Kartutsnitt viser bygningane som er freda etter kulturminnelova § 15. Bygningane er merka med kulturminne-ID, jf. tabellen nedanfor.

### Fredinga etter kulturminnelova § 15 omfattar:

Namn på objekt	Kulturminne-ID	Gnr./ bnr.	Bygningsnr.	Omfang (eksteriør /og interiør)
Bruk 1				
Lemstove	127061-1	615/1	174833125	Eksteriør og delar av interiør
Masstove	127061-2	615/1	Manglar	Eksteriør og interiør
Glasstove/ Larsastova	127061-3	615/1	174836094	Eksteriør og delar av interiør
Løe/ driftsbygning	127061-4	615/1	Manglar	Eksteriør
Masstove	127061-5	615/1	Manglar	Eksteriør og interiør
Glasstove/ Aslaugstova	127061-6	615/1	300099239	Eksteriør og delar av interiør
Stabbur	127061-7	615/1	Manglar	Eksteriør og interiør
Løe/ driftsbygning	127061-8	615/1	Manglar	Eksteriør og interiør
Utløe	127061-23	615/1	174832811	Eksteriør og interiør
Bruk 3				
Lemstove	127061-9	615/3	174833176	Eksteriør og delar av interiør
Masstove	127061-10	615/3	174833176	Eksteriør og interiør
Stall/uthus/ vedhus	127061-20	615/3	174833141	Eksteriør og interiør
Løe/ driftsbygning	127061-21	615/3	174831211, 9705856	Eksteriør og delar av interiør
Kvernhus	127061-22	615/3	Manglar	Eksteriør og interiør
Bruk 4				
Lemstove/ Gjertrudstova	127061-19	615/4	174833133	Eksteriør og delar av interiør
Bruk 5				
Glasstove	127061-11	615/5	174833168	Eksteriør og delar av interiør

Fredinga av byggverka inkluderer hovudkonstruksjonane til bygningane og følgjande:

- eksteriør: hovudelement som fasadar, materialbruk, overflater og overflatebehandling, i tillegg til bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter og piper
- interiør: hovudelement som planløsning og rominndeling, materialbruk, overflater og overflatebehandling i tillegg til bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, piper og detaljar som skilt og dekor mv.

- fast inventar som del av det freda interiøret: til fast inventar reknar vi mellom anna veggfaste skap, hyller og eldstadar.

For dei bygningane som berre har freding på deler av interiøra, er det spesifisert kva for interiør som ikkje er omfatta av fredinga i fredingsdokumentasjonen i delane 2A-2D.

### **Områdefredinga etter kulturminnelova § 19 omfattar:**

Områdefredinga etter kulturminnelova § 19 omfattar tunområdet på gnr./bnr. 615/1, 615/3, 615/4 og 615/5, og den næraste innmarka kring tunet på gnr./bnr. 615/1 og 615/3.

Områdefredinga med kulturminneID 127061-24 inkluderer hagar, trær, stiar, vegar og delar av innmarka. Innanfor området kan det finnes rester etter eldre plantar og trær som kan ha vitskapeleg interesse.

## **Føresegner i kulturminnelova som gjeld for dei freda kulturminna**

Fredingsføresegna gjeld dei freda kulturminna sine eksteriør og interiør samd området slik dette er skildra i fredingsomfanget, sjå avsnitt ovanfor. I tillegg til fredingsføresegnene under gjeld kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18, 19 tredje ledd og 21. I tillegg gjeld forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminnelova.

### **Særskilde føresegner etter kulturminnelova § 15**

Kulturminna skal behandlast og forvalta på ein slik måte at dei kulturhistoriske og bygningshistoriske verdiane de representerer, blir varetekne. Det kan gjevast dispensasjon til å føre kulturminna tilbake til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar/utforming. Føresetnaden er at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag eller med utgangspunkt i historiske spor.

Det er ikkje høve til å gjere inngrep i dei freda kulturminna. Med inngrep er det meint:

- a) å rive, flytte, byggje om, endre, forandre materiale eller fargar eller gjere andre endringar som går ut over vanleg vedlikehald,
- b) å skifte ut bygningsselement/konstruksjonselement/materiale eller forandre overflater,
- c) å skade eller fjerne fast inventar.

### **Særskilde føresegner etter kulturminnelova § 19**

Innanfor det freda området skal det ikkje skje verksemd eller ferdsel som kan motverke formålet med fredinga.

Med verksemd er det meint:

- a) alle former for nye bygg og anlegg som vil motverke formålet med fredinga,
- b) å rive, flytte, skade, fjerne eller endre konstruksjonar/objekt/strukturar/vegetasjon/hagar som er viktig for opplevinga av dei freda kulturminna i miljøet,
- c) etablering og utviding av veg eller parkeringsplass. Oppgradering av eksisterande vegar av omsyn til tyngre køyretøy i jordbruksdrifta kan likevel gjennomførast dersom ein tek tilstrekkeleg omsyn til formålet med fredinga og dispensasjon frå fredinga føreligger før arbeidet vert sett i gang
- d) oppsetjing av gjerde og skilt og andre faste installasjonar,
- e) endring av strukturar, konstruksjon eller belegg i tunet,
- f) planering, utfylling/tildekking, uttak av massar, graving i grunnen, grøfting, og andre landskapsinngrep.

Dersom det vert sett i gang drift att på bruka, vil det vere mogleg å setje opp nye bygningar knytt til gardsdrifta innanfor området som er freda etter kulturminnelova § 19 etter godkjenning på førehand av utsjånad og volum. Dersom ein skal setje opp nye bygningar må desse ha ei utforming og plassering som tek omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i tunet og underordnar seg tunet og kulturlandskapet. Dispensasjon frå fredinga etter § 19 må føreligge før tiltaket vert sett i verk.

Dersom eigar ynskjer det, kan den demonterte lemstova, som tidlegare var bygd saman med masstova til opphavleg bruk nr. 2 (ID 127061-5), setjast opp att på opphavleg plass. Dispensasjon frå fredinga etter §§ 15 og 19 må føreligge før ei eventuell oppattføring av lemstova.

Fredinga skal ikkje vere til hinder for å etablere ein felles brannpost/brønn som del av brannsikringa av Ystås. Dispensasjon frå fredinga etter § 19 må føreligge før tiltaket vert sett i verk.

## **Dispensasjon frå fredinga**

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve i forkant av alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald og ordinær skjøtsel, jf. kulturminnelova § 15a og § 19 tredje ledd. Like eins, oppstår det tvil om kva som blir rekna som vanleg vedlikehald eller ordinær skjøtsel, skal fylkeskommunen kontaktast på førehand.

Fylkeskommunen kan i særlege tilfelle gje dispensasjon, ev. på visse vilkår, frå vedtak om freding for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep.

Tiltak som eigar har fått dispensasjon til, vil i enkelte tilfelle også krevje løyve etter plan- og bygningslova. Eigar må avklare dette med heradet/kommunen.

Meir informasjon om dispensasjon, vedlikehald og skjøtsel finst i Riksantikvarens retningslinjer for dispensasjonsbehandling (sjå Riksantikvarens nettsider).

## **Tiltak som kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga**

Vanleg vedlikehald og ordinær skjøtsel kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga:

### **Før byggverk:**

Med vanleg vedlikehald er det meint rutinemessig arbeid på byggverk for å halde ved lag tilstanden til kulturminna, for eksempel overflatebehandling og reparasjon av bygningselement i samsvar med opphavleg eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

### **Før grøntområde/uteområde:**

Med ordinær skjøtsel er det meint rutinemessig arbeid som er naudsynt for å halde ved lag ein ønskt tilstand, hindre forfall som kjem av slitasje, og som varetek formålet med fredinga. For eksempel klipping av plen, slått av innmarka, ugrasluking, gjødsling, vedlikehaldsklipping av buskar og tre, tynning i kratt og fjerning av død vegetasjon. Mindre reparasjonar av element i grøntanlegg/uteområde som trappeheller, murar og gjerde er å sjå på som vanleg vedlikehald og skal skje i samsvar med opphavleg eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

## **Forvaltnings-/skjøtelsplan**

Det kan i samarbeid med fylkeskommunen utarbeidast ein forvaltnings- og skjøtelsplan for dei freda kulturminna og det freda området. Ein eventuell forvaltnings-/skjøtelsplanen skal rullerast ved behov.

## **Grunngjeving for vedtaket**

### **Grunngjeving for fredinga av kulturminna etter kulturminnelova § 15**

Med Lov om Jords og Skovs Udskiftning af Fællesskab av 1857 vart det gjennomført mange utskiftingar i heile landet frå midten av 1800-talet og framover. Utskiftingane førte til at det enkelte bruket fekk samla jorda si på ein stad og bygningane i tunet til det enkelte bruket vart flytta slik at det låg ved den samla jorda. For tunet på Ystås vart utskiftinga fyrst gjennomført på 1980-talet og i den samanheng vart tunet med sin bygningsstruktur og mangfald av bygningstypar i stor grad bevart. Det at dei fleste husa i tunet står på sin opphavlege plass og at tunet framleis er omgitt av eit heilskapleg kulturlandskap gjer tunet på Ystås er ei sær sars god kjelde til kunnskap om drifta og leveviset på ein vanleg vestlandsgard i tida før det store hamskiftet i jordbruket.

I tillegg til tunskipnaden, gjev dei mange ulike typane bygningar av ulik alder tunet ein høg kunnskapsverdi. Tunet på Ystås viser mangfaldet i bygningsmassen som var vanleg i klyngetuna på Vestlandet. Av særleg verdi er bustadhusa, då det her er bevart fleire røykstover, glasstover og lemstover som viser utviklinga av bustadar og gjenbruk av material over eit langt tidsrom. Dei tre røykstovene viser variasjonen av røykstover over tid og viser korleis ein på Vestlandet vidareførte bruken av røykstovene etter kvart som dei vart erstatta av lemstover med jarnomn.

Etter kvart som gardane bygde seg glasstover vart dei stasromma på garden og vart gjerne brukt som gjestehus. I glasstovene til opphavleg bruk 1 (Larsastova) og noverande bruk 5 har interiør av høg kulturhistorisk verdi og som er godt bevart. Av særskild verdi er dei dekormåla delane av interiøret i glasstova til bruk 5. Dei bevarte glasstovene på Ystås er ei god kjelde til kunnskap om glasstovene på Vestlandet. I fleire av lemstovene er dei opphavlege umåla tømmerveggane framleis ein stor del av interiøret og har såleis ein høg kjeldeverdi til kunnskap om interiøra i bustadane.

Dei tre store driftsbygningane viser korleis ein over lang tid har tilpassa seg dei ulike endringane i driftsmetodar innan landbruket slik at vi kan sjå ulik grad av tilpassing til nye landbruksmetodar og at bygningane samla fortel om endringa i jordbruket over eit langt tidsspenn. Kvernhuset og utløa nede på bøen mot aust samt stabburet til opphavleg bruk 2 er her gode dømer på dei mange små husa som hadde ein viktig funksjon for gardsdrifta.

Handverk var ein viktig del av livet til mange bønder i tillegg til at det var viktig å vere mest mogleg sjølvhjelpen. Mangesyssleriet var viktig for drifta, både for å lage det ein hadde bruk for på garden, men og for å få tilleggsinntekter. Verkstaden til bruk 1, der ein kunne tilverke reiskap og bygningsdelar er eit godt døme på dette.

Tunet på Ystås er eit kulturmiljø med ei høg grad av autentisitet i både tunstrukturen, bygningsmassen og grøntområdet i tunet i tillegg til at det er omgjeve av eit ope kulturlandskap. Dette gjer at tunet i dag har ein høg opplevings- og pedagogisk verdi.

Det er ikkje noko jordbruksdrift på bruka i dag utover at bøane vert slått. Av omsyn til bruksverdien av tunet er det i fredinga lagt vekt på at det skal vere mogleg å finne ein god balanse mellom bevaring og drift dersom eigarane på eit seinare tidspunkt ynskjer å starte opp att jordbruksdrift på eigedomane.

I varsel om oppstart i mai 2023 vart det gjort noko utviding av fredingsomfanget jf. varsel om oppstart av fredingssak av 1999 og 2009. Denne utvidinga omfatta to bygningar, eit kvernhus og ei utløe, samt at grøntområde/hagar i tunet vart inkludert i varsel om freding etter kulturminnelova § 15 og at eit større område av innmarka nærast tunet vart varsla om freding etter kulturminnelova § 19. Fylkeskommunen valde under

arbeidet med fredingsforslaget å ta ut hagane frå fredinga etter kulturminnelova § 15. Grunngevinga for dette var at fylkeskommunen vurderte at det var for lite av dei gamle hagane i tunet. Det har tidlegare vore nokon inngjerda hagar og bærbusker i tunet, men det meste er vekke og det er planta inn ei rekkje nye planter. Arealet i tunet er difor freda i medhald av kml § 19.

Etter innkomne innspel til varselet i 2023 vurderte Vestland fylkeskommune om nausta ved Granvinsvatnet skulle vere med i fredinga som ein del av den heilskaplege gardstrukturen. For å avgrense omfanget av fredinga vektla fylkeskommunen i stor grad at fredingssaka primært har vore konsentrert kring tunet og tunskipnaden og dei valde å vidareføre dette prinsippet. Fylkeskommunen vurderer at stølane og nausta ikkje er av nasjonal interesse i seg sjølv, og dei ligg for langt i frå tunet til at ei freding av desse som ein del av tunet kan forsvarast.

Riksantikvaren ser at ei freding av stølane og nausta ville komplettert Ystås som eit heilskapleg gardsbruk som viser vestlandsbonden sitt levevis i jordbrukssamfunnet. Riksantikvaren meine at fredinga med noverande avgrensing likevel syner klyngetunet si drift og historie. Vi støttar fylkeskommunen si vurdering av kva som omfattast av fredinga og val av fredingsheimel.

Ei freding av tunet på Ystås vil bidra til å nå målet i Meld. St. 16 (2019–2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken om at eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk. Dett er og i samsvar med måloppnåing etter Riksantikvaren sin fredingsstrategi for kulturmiljøforvaltningen 2024-2030, sjølv om Ystås ikkje fell inn under dei ti prioriterte tema i denne. Riksantikvaren meiner at Ystås er eit godt døme på ei kulturmiljø som formidlar den norske landbrukshistoria på ein god måte og klyngetuna i sær, og at freding likevel er rett verkemedel for å sikre dei store kulturhistoriske verdiane her.

I regjeringa sin bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø frå 2025 har regjeringa mellom anna lagt vekt på jordbrukets kulturlandskap og den førindustrielle gardens bygningar, som treng forsterka bevaringsinnsats og tilrettelegging for vern gjennom bruk. Ystås er eit eksempel på klyngetuna på Vestlandet i tida før utskiftinga og moderniseringa av jordbruket der ein har både bygningane, tunskipnaden og jordbrukslandskap bevart.

Ser vi tunet på Ystås i saman med dei andre freda klyngetuna, gjev dei eit godt bilete av både mangfaldet innan klyngetun og fellestrekka mellom dei ulike tuna. Dette gjer at dei freda klyngetuna på Vestlandet saman med tunet på Ystås er ei viktig kjelde til kunnskap om menneska sitt levevis og arbeid i tida før det store hamskiftet.

Krigshistoria er ein viktig del av garden sin historie. Fokuset for fredinga har vore tunskipnaden. I den samanhengen vert krigshistoria er del av gårdens historie, men ikkje som del av formålet med fredinga men heller omtalt i fredingsdokumentasjonen sin historiske del.

### **Grunngjeving av områdefredinga etter kulturminnelova § 19**

Områdefredinga bidreg til å sikre eit heilskapleg kulturmiljø knytt til vestlandsbonden i tida før utskiftinga.

Romma mellom bygningane i tunet gjer at ein opplever korleis ein levde her tidlegare. Spor etter vegar der ein forflytta seg mellom husa og frå tunet til innmarka, samt restane etter dei gamle hagane og eldre trær bidreg til å sjå heilskapen i samspelet mellom bygningane, hagane og innmarka. Dei små hagane i tunet bidreg òg til opplevinga av husa sin nærverknad. At tunet også i framtida har små hagar i tillegg til at det er omgjeve av eit jordbrukslandskap/kulturlandskap er viktig for verknaden tunet har i omgjevnadane.

### **Beskriving av kulturminnet**

Gardstunet på Ystås ligg om lag 300 moh. omlag tre kilometer vest for Eide som var bygdesenteret i tidlegare Granvin kommune. Landskapet tunet ligg i er eit tradisjonelt vestlandsk jordbrukslandskap, der det bratte landskapet stig opp frå Granvinsvatnet i nord og Granvinsfjorden i sør. Tunet på Ystås er plassert på eit forholdsvis flatt område i landskapet og er omgjeve av opne bøar som ligg i eit bratt terreng. Landskapet kring Ystås er karakterisert av dei opne bøane, solitære trær og grupper med trær. Den opne innmarka er igjen omkransa av skog som strekkjer seg opp mot fjellet og nedover mot fjorden.

Ystås har ei lang historie og tunet har blitt forma ut i frå både dei behova ein har hatt og eigarstrukturen til garden. I periodar har alle bruka vore samla under eitt bruk, men i stor del av tida har garden vore delt i tre bruk noko også bygningsmassen i tunet viser. Jorda på Ystås vart utskifta på 1980-talet og då fekk eigarane samla jorda si kring kvar sin del av tunet. Samstundes vart jorda til bruk 2 delt mellom bruk 1 og 3, og bygningane til bruk 2 vart inkludert i bruk 1.

I dag består tunet av 13 bygningar på i alt fem bruk. Bygningane utgjer like fullt hovuddelen i tunstrukturen slik det var i dei tre opphavlege bruka.

Tunet strekkjer seg i retninga nord-sør og kvart av dei opphavlege bruka har i hovudsak samla sine bygningar, så bygningane til dei ulike bruka ligg ikkje om ein annan. Bruk 1 har sine bygningar samla nordaust i tunet og opphavleg bruk 2 sine bygningar er plassert nordvest. Bruk 3 har sine bygningar lengst sør i tunet.

Stabburet til opphavleg bruk 2 stod tidlegare ved sida av glasstova/Larsastova til opphavleg bruk 1. Men står i dag ved sida av lemstova til opphavleg bruk 2. Etter denne flyttinga har bygningane til opphavleg bruk 2 blitt ytterlegare samla. I tillegg er det bevart ei utløe på bøen mot aust og eit kvernhus ved elva nordaust for tunet.

Tunskipnaden på Ystås består av ei rekkje ulike bygningstypar som saman fortel om korleis ein levde og livnærte seg på dei tradisjonelle vestlandsgardane i tida før det store hamskiftet. Dei eldste bustadhusa på Ystås er dei tre røykstovene som alle har ein høg alder. Røykstovene vert lokalt omtala som mosstove/masstove, og felles for dei er at dei er bygd som typiske åre- eller røykstover som er opne opp til røstet der ljoren er. Dei har i dag ulik type eldstad der det i masstova på opphavleg bruk 1 er ei oppmura grue mot gavlveggen, på opphavleg bruk 2 er åren restaurert og på bruk tre er det blitt bygd ein stor peis med pipe. Dei tre røykstovene viser såleis ulike typar eldstadar som har vore brukt i røykstovene og endringa frå røykstove til stove med peis og pipe.

Utover 1800-talet byrja røykstovene å gå ut av bruk, og på gardane bygde ein seg lemstover med jernomn. På Vestlandet vart lemstovene gjerne bygd saman med røykstovene og røykstovene var framleis i bruk. Men etter kvart fekk dei gjerne meir funksjon som eldhus/grovkjøkken og vi ser at dei og får ulike nemningar som til dømes masstove eller mosstove slik som på Ystås. På Ystås er det bevart to dømer på samanbygning av røykstova med eit anna hus, verkstaden på bruk 1 og lemstova på bruk 3. Tidlegare var røykstova til bruk 2 også bygd saman med ei lemstove, men etter at den vart demontert står røykstova i dag att som ein frittstående bygning.

Til kvart av dei opphavlege bruka på Ystås er det fleire bustadhus som vert omtala som lemstove og glasstove. Lemstova til opphavleg bruk 1, har blitt ombygd fleire gonger, og Gjertrudstova til opphavleg bruk 3 var tidlegare ei bu. Tre av bustadhusa vert omtala som glasstover og to av dei er i to etasjar, medan glasstova til opphavleg bruk 2 er i 1 ½ etasje. Mange stadar vart glasstovene brukt som gjestehus og hadde gjerne eit særskilt vakker interiør i stova, noko vi også finn att i glasstovene til opphavleg bruk 1 og 3. Glasstovene på Ystås hadde vidare ein tradisjonell treromsplan i tillegg til sval på enten den eine eller begge langveggane.

Alle bruka på Ystås har hatt enten stabbur eller bu. I dag er stabburet til opphavleg bruk 2 bevart, medan buene til opphavleg bruk 1 og 3 tidleg vart omgjort til bustad. Der bua til bruk 1 i dag er ein del av lemstova og bua til bruk 3 har blitt omgjort til lemstove (Gjertrudstova).

På Ystås er fjøsa lagt under låven, noko som er ei tradisjonell plassering av fjøs i eldre driftsbygningar. Driftsbygningane i tunet har vore i bruk i lang tid og vi kan her sjå korleis dei har blitt tilpassa ulike driftsformer etter kvart som dei endra seg. Fjøsen som vart bygd til driftsbygningen til bruk 3 på 1930-talet er såleis eit godt døme på endringar i material og plassering av fjøsbygningar. Stallen kunne vere både inni driftsbygningen

slik det er på bruk 1 sin driftsbygning, vere bygd som tilbygg til driftsbygningen slik vi finn det på opphavleg bruk 2. Eller den kunne vere bygd saman me andre typar bygningar slik vi finn det på bruk 3, der den opphavlege stallen er bygd saman med vedskjul og utedo.

I tillegg til bygningane i tunet var dei mange små bygningane i inn- og utmark viktige for drifta. Ei utløe til bruk 1 på innmarka aust for tunet og ei kvern til bruk 3 ved elva er framleis bevart.

Rommet mellom husa er ein viktig del av tunskipnaden på Ystås, og dei ulike gang- og køyrevegane mellom husa var viktige for drifta av garden og er framleis i bruk. Det er også bevart restar etter dei små hagane og blomsterbede som var planta tett på bustadhusa. I tillegg er det i dei seinare åra blitt planta inn ei rekkje nyare planter i tunet. Dei eldre bileta viser at ulike trær også har vore ein viktig del i tunet, der både enkeltstående tre og fleire planta saman utgjer ein viktig del av heilskapen i tunet. I dag er det framleis bevart nokon eldre trær og busker, som til dømes syrinen i gavlen på Larsastova.

Vestland fylkeskommune har i samband med fredings-saka utarbeidd fylldig fredingsdokumentasjon for Ystås. Sjå vedlegg 1A for meir utfyllande skildring og historikk om tunet. Vedlegga 1B-1D inneheld fotodokumentasjon av eksteriøra ved dei tre opphavslege bruka. Vedlegga 2A-2D skildrer interiøra i husa på dei fire bruka (vedlegga om interiør er u.off).

## Tilstand

Det har i dei seinare åra vore gjennomført istandsettingsarbeidar på fleire av bygningane i tunet som fylkeskommunen har følgd opp. Jamvel er det framleis nokre bygningar som har dårlegare tilstand der det må gjennomførast arbeider framover, blant annet på ei av løene.

Fylkeskommunen har ikkje oppdatert tilstandsregistreringa for alle bygningane. For seks av bygningane i tunet finnes det nyleg oppdatert tilstandsregistrering. Av desse har fire bygningar fått tilstandsgrad 1 (som vil seie eit ordinært vedlikehaldsbehov), medan to av bygningane har fått tilstandsgrad 2 (som vil seie vesentlege avvik).

Dei andre bygningane tilstandsregistrerte fylkeskommunen i 2015. Då hadde tre bygningar tilstandsgrad 1, fire bygningar tilstandsgrad 2 og éi løe med tilstandsgrad 3 (som vil seie kraftige eller alvorlege avvik). Løa med TG 3 har ikkje vorte istandsett på fredingstidspunktet.

Istandsetting vil vere naudsynt for å sikra bygningsmassen på Ystås. Kostnadane med dette må vurderast mot nytteverdien av at eit miljømessig viktig og karakteristisk gardsanlegg av nasjonal verdi blir ivareteke og sikra for framtidig bruk.

### **Riksantikvarens vurdering**

Anlegget sin høge verdi som kulturminne som viser klyngetuna slik dei var før utskiftinga og det store hamskiftet er etter Riksantikvarens vurdering likevel så tungtvegande at ei freding kan forsvarast sjølv om det kan innebere økonomiske meirkostnadar for staten å gjennomføre ei freding.

Tilstandsregistreringa er unnateken offentlegheita, etter offentleglova § 13 første ledd, jf. forvaltningslova § 13 første ledd.

### **Eigedomsforhold**

Kulturminna som er freda er eigd av:

Gnr./bnr. 615/1	Aslaug Jorunn Nestås
Gnr./bnr. 615/3	Gunhild Ulberg Kjerland og Olav Kjerland
Gnr./bnr. 615/4	Olav Kjerland
Gnr./bnr. 615/5	Torunn Ystaas

Ein mindre del av områdefredinga ligg på umatrikulert veggrunn (Åsingavegen).

### **Riksantikvarens mynde**

Myndet til å gjere fredingsvedtak etter kulturminnelova §§ 15 og 19 er delegert frå Klima- og miljøverndepartementet til Riksantikvaren, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminnelova § 2 (4).

Fredinga gjerast etter særskilde reglar om saksbehandling jf. kulturminnelova § 22.

### **Forholdet til anna lovverk**

#### **Naturmangfaldlova**

Som ein del av saksutgreiinga skal det vurderast om vedtaket er av slik karakter at det kan utgjere risiko for skade på naturmangfaldet. Dette følgjer av naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7.

Det er vurdert at fredinga ikkje vil ha negative verknader for naturmangfaldet.

#### **Plan- og bygningslova**

I gjeldande kommuneplan sin arealdel for Voss herad 2020-2032, ID 12352019004, er området regulert til LNF (Landbruks-, natur- og friluftsmål).

Kulturminnelova er særlov og har ved freding rang føre plan- og bygningslova.

## Praktisk informasjon

### Kontaktinformasjon

Det er Vestland fylkeskommune som har ansvaret for forvaltninga av freda byggverk, anlegg og områder. Fylkeskommunen svarer også på spørsmål om fredinga og behandlar søknader om dispensasjonar og tilskot. Vestland fylkeskommune kan nåast på tlf.nr. 05557, e-post [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller postadresse Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen.

### Ansvar for vedlikehald

Eigar eller brukar har ansvar for vedlikehald og skjøtsel av dei freda kulturminna og det freda området.

### Økonomiske tilskott

Det er høve til å søkje fylkeskommunen/Sametinget om tilskot til meirkostnader som fylje av krav til antikvarisk utføring ved sikring, istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne. Det gis normalt ikkje tilskot for område freda etter kulturminnelova § 19. Meir informasjon om tilskot finst på Riksantikvarens nettsider eller får de ved å kontakte relevant fylkeskommune.

Det gis normalt ikkje tilskot til freda kulturminne som er eigd av det offentlege.

## Bakgrunnen for fredingssaka

I samband med utskiftinga på Ystås vart dåverande Hordaland fylkeskommune merksam på dei kulturhistoriske verdiane tunet hadde. Det vart då sett i gang eit omfattande arbeid med istandsetjing av bygningsmassen og ein vurderte at tunet burde fredast. Fredingssaka for tunet starta i 1999.

## Sakshistorikk

### Kontakt med eigarar i fredingssaka

Dåverande Hordaland fylkeskommune har hatt kontakt med eigarane av tunet frå midten av 1980-talet. Kontakten har omfatta både fredingssaka, samt råd og støtte i samband med istandsetjing av bygningane. I mange år var hovudfokuset i dialogen mellom eigarane og fylkeskommunen knytt til istandsetjing av bygningane.

Det vart halde eit møte med Hordaland fylkeskommune, Granvin kommune og eigarane av tunet på Ystås den 10. august 1998 i forkant av at første varselet om freding vart sendt ut.

Den 26. april 2023 vart det halde eit nytt informasjons- og innspelsmøte med Vestland fylkeskommune, Voss herad og grunneigarane på Ystås i forkant av at ny melding om freding vart sendt ut.

Den 1. februar 2024 gjennomførte Vestland fylkeskommune eit felles møte for grunneigarane og Voss herad der utkast til forslag til freding vart gjennomgått og der dei hadde moglegheit til å stille spørsmål og kome med innspel i forkant av at forslag om freding skulle sendast på høyring. I tillegg har Vestland fylkeskommune hatt løpande dialog med eigarane i samband med dokumentasjon av tunet. Etter eit eigarskifte i 2024, har dei nye eigarane fått fredingsforslaget til gjennomsyn og moglegheit til å kommentera dette.

Hordaland fylkeskommune vart del av Vestland fylkeskommune ved fylkessamanslåinga i 2020. Samstundes vart Granvin kommune innlemma i Voss herad.

### **Melding om oppstart av fredingssak - 1999**

Eigarar og Granvin kommune fekk i brev av 16. juli 1999 frå Hordaland fylkeskommune melding om oppstart av fredingssak, jf. kulturminnelova § 22 nr. 1. Melding om oppstart vart samtidig kunngjord i Norsk lysingsblad og avisene Hordaland og Bergens Tidende.

Det vart gjeve ein frist på seks veker til å komme med merknader.

Det kom ikkje inn nokon merknadar til varsel om oppstart av freding.

### **Melding om oppstart av fredingssak - 2009**

Av di det hadde gått lang tid sidan varselet om freding sende Hordaland fylkeskommune eit fornya varsel til eigarar og kommunen i brev av 19. oktober 2009. Melding om oppstart vart samtidig kunngjord i avisene Hordaland og Bergens Tidende.

Det vart gjeve ein frist på tre veker til å komme med merknader.

Til dette varselet om freding kom det inn ein merknad frå dåverande eigar av bruk 3 på Ystås, Einar Mathias Gaard. Han peika på behovet for at det vert tatt omsyn til vidare bruk og drift av eigedomen. Einar Mathias Gaard er ikkje lenger part i saka.

### **Melding om oppstart av fredingssak - 2023**

Eigarar, Voss herad, Statsforvaltaren i Vestland og Statens vegvesen fekk i brev av 30. mai 2023 frå Vestland fylkeskommune melding om ny oppstart av fredingssak, jf. kulturminnelova § 22 nr. 1. Melding om ny oppstart av fredingssak vart samtidig kunngjord i avisene Hordaland og Bergens Tidende den 6. juni 2023.

Det vart gjeve ein frist til 29. juni 2023 til å komme med merknader.

### **Merknader til oppstartsmeldinga frå 2023 med kommentarar frå fylkeskommunen**

Det kom inn tre merknadar til ny melding om oppstart av fredingssak. Merknadane er her kort gjevne att med kommentarar frå fylkeskommunen si behandling av dei:

Merknad frå Statens vegvesen

Statens vegvesen kan ikkje sjå at fredinga vil kome i konflikt med deira ansvarsområde og har difor ingen merknadar til fredinga.

Merknad frå Torunn Ystaas (eigar av bruk 5)

I Torunn Ystaas sin merknad vert det gjeve mange historiske opplysingar knytt til garden. I tillegg til fleire merknadar knytt til omfang av freding:

- Ho ynskjer at stølen og nauset til bruk nr. 3 skal bli omfatta av fredingsvedtaket då dei var ein viktig del av gardsdrifta.
- Ho peikar på verkstaden til bruk nr. 1 som ein viktig enkeltbygning for levemåten til dei som budde i tunet. Ho meiner at verkstaden bør vere omfatta av fredingsvedtaket for å verne om heilskapen i bygningsstrukturen i tunet, men og som eit vitne om den funksjonen den hadde her oppe. Der verkstaden på bruk 1 fortel om ein vital del av gardsdrifta både for snikkararbeid, vedlikehaldsarbeid og for hestehaldet som vart ein vesentleg del av drifta i tunet etter krigen.
- Lemstova til opphavleg bruk nr. 2 som var samanbygd med masstova bør attreisast, Ystaas nemner også at den gamle kjellaren til denne lemstova ikkje fekk noko vern etter at lemstova vart demontert.
- Ho viser til at det i varsel om freding av 1999 og 2009 vart skrive at «Det er ein føresetnad at eigedomane vert behandla som freda inntil fredingsspørsmålet er avgjort. Dette inneber mellom anna at ein lyt søkja kulturminnestyresmaktene om løyve til å setja i verk alle typar tiltak på bygningane eller i tunet som går ut over vanleg vedlikehald» og meiner at det er gjennomført ei rekkje tiltak i tunet som er i strid med dette.
- Fleire merknadar knytt til uteområdet/hagane i tunet der ho meiner at det frå 2012 har blitt gjort ei rekkje tiltak i tunet som til dømes oppfylling av masse, heil eller delvis sperring av gangveggar med nyare plantningar. Generelt med mykje nyare planter i tunet som ikkje har historisk tilknytning og som gjer at tunet etter henna meining no har fått likskapar med eit villastrøk. Ystaas ynskjer at nyare plantningar i tunet vert fjerna og at arealet midt i tunet som har blitt oppfylt vert tilbakeført til opphavleg nivå og at gangvegane i tunet igjen vert opna for ferdsel. Ho kjem også med fleire forslag om korleis ein kan finne ei god balanse mellom å bevare den opphavlege tunstrukturen og dei enkelte eigarane sine behov for skjerma private uteplassar.

- Ho meiner at flyttinga av stabburet til bruk nr. 2 på 1980-90-talet svekka inntrykket av det opphavlege klyngjetunet.
- Ho peikar på historikken i tunet til bruk nr. 2 knytt til krigshistoria og ho meiner at den har høg interesse.
- Uthus/skjul som var den tidlegare stallen på garden med tilbygd utedo bør bevarast og setjast i stand.
- Ho peikar på at dagens drift med hestebeite i åsen over tunet og ei utvida hestedrift på bruk nr. 3 vil vere ein naturleg del av gardsdrifta i framtida. Vidare nemnar ho planane for fjøset og låa til bruk 3 og målsetjinga om å gjere denne delen av tunet tilgjengeleg for folkemusikktradisjonen i bygda.

Fylkeskommunen si behandling av merknadane frå Ystaas

Vestland fylkeskommune takkar for innspela og dei historiske opplysingane om tunet. Fylkeskommunen har fyljande kommentarar til merknadane til fredinga:

- Vestland fylkeskommune har vurdert om fredinga også skal omfatte nausta og stølane i samband med utsending av nytt varsel om oppstart av fredingssak, då desse også er ein del av den heilskaplege gardstrukturen. Då fredingssaka primært har vore konsentrert kring tunet og tunskipnaden har fylkeskommunen valgt å vidareføre dette prinsippet. I varsel om oppstart av 30. mai 2023 vart det gjort noko utviding av fredingsområdet jf. varsel om oppstart av fredingssak av 1999 og 2009. Denne utvidinga omfatta at to bygningar, eit kvernhus og ei utløe, samt eit grøntområde/hagar i tunet vart inkludert i varsel om freding etter kml § 15 og at eit større område av innmarka nærast tunet vart varsla om freding etter kml § 19. Til saman utgjer dette ein stor del av begge bruk. Når det gjeld ei vidare utviding av fredinga har fylkeskommunen vurdert at stølane og nausta ikkje er av nasjonal interesse i seg sjølv og då dei ligg langt i frå tunet kan vi ikkje forsvare ei freding av desse som ein del av tunet. Under arbeidet med fredingssaka har fylkeskommunen også valgt å ta ut forslag om freding av hagar/grøntareal kring tunet etter kml §15 då vi har vurdert at det er for lite av dei gamle hagane i tunet til at vi kan forsvare bruk av § 15 for dette arealet. Arealet er no foreslått freda i medhald av kml § 19.
- Verkstaden til bruk 1 er foreslått freda etter kml § 15 og gjennom dette vil historia knytt til snikkararbeid som ein viktig tilleggsnæring og sjølvberging bli tatt vare på. Verkstaden og mangesysslariet på Ystås er også omtala under føremålet med fredinga.
- Når det gjeld den demonterte lemstova til bruk 2 som var bygd saman med masstova, ser vi at ei oppattføring av den ville vere positivt for tunet. Av den grunn har fylkeskommunen lagt inn ei opning for oppattføring av denne i fredingsføresegnene slik at den kan reisast opp att dersom eigar ynskjer det.
- Fylkeskommunen har behandla tunet på Ystås som freda frå det første varselet om oppstart vart gjort. Men då det ikkje ligg føre eit fredingsvedtak eller eit vedtak om mellombels freding, har fylkeskommunen ikkje noko heimel for å

krevje tilbakeføring av endringane i uteområdet. Vi ser at ein del av dei tiltaka som har vore gjort er uheldige sett i forhold til føremålet med fredinga, men dei er reversible slik tunet sitt grøntområde og vegstruktur kan tilbakeførast på eit seinare tidspunkt dersom eigar ynskjer dette.

- Flyttinga av stabburet til bruk 2 vart gjennomført av omsyn til drifta i tunet. Dersom eigar ynskjer å flytte det tilbake til opphavleg stad vil det vere opning for dette innanfor rammene av fredinga. Ei slik tilbakeføring vil vere mogleg innanfor formuleringa om tilbakeføring i fredingsføresegnene.
- Krigshistoria er ein viktig del av garden sin historie. Fokuset for fredinga har vore gardsdrifta og tunskipnaden. I den samanhengen vert krigshistoria ein tilleggsdel som vi har valgt å ikkje ta inn i formålet med fredinga men heller omtalt det i fredingsdokumentasjonen sin historiske del.

Merknad av 7. august 2023 frå Aslaug Jorunn Nestås (eigar bruk 1), Berit Christine Nestås og Stein Aksel Nestås

I merkningen vert det informert om at bruk 1 står ovanfor eit generasjonsskifte og dei ynskjer at ei freding tek omsyn til at nye generasjonar og eigarar kan bu og leve på tunet framover. Her peikar dei på fylgjande behov:

- Moglegheit for å bygge bilgarasje då dei meiner dette er nødvendig for å kunne bu på Ystås.
- Tilrettelegging for framleis gardsdrift, herunder å oppretthalde køyreveggar for foreslått freda områder. Dei peikar på utfordringar med tunge moderne køyretøy på gamle kjerrevegar.
- Betre regulering av tilkomst og parkering til Ystås tunet. I fylje dei vert snuplassen brukt som parkeringsplass, og bilistar med ærend til dei andre bruka på Ystås køyrer inn i tunet til bruk 1 tett på det private bustadhuset. Dette krev auka vedlikehald av privat veg, noko dei ikkje ynskjer å ta kostnadane ved.

Dei har fylgjande ynskje om utviding av den varsla fredinga:

- Ynskjer at naustet ved Granvinsvatnet vert vurdert for freding. Dette av di naustet har vore ein viktig del av livet på Yståstunet knytt til frakt av varer, tilgang til matauk (fisk) og kyrkjeveg.

Vedrørende grøntområda/hage har dei fylgjande merkningar.

- Dei peikar på at tunskipnaden er endra noko dei siste åra grunna nødvendig gardsdrift og stiller spørsmål ved den nyare anlagde hagen ved bruk 5 som avskjerer den gamle køyrevegen.
- Dei peikar på viktigeita av å oppretthalde den gamle stølsvegen frå Eide/Nestås til stølane på Steinsete.
- Ynskjer at dei store bjørketrea ved den private skogsvegen vert fjerna. Då dei opplever trea som skjemmaende for kulturlandskapet. Trea er i fylje dei planta utan samtykke og tek mykje utsikt.

### Vedrørende brannsikring:

- Dei ynskjer ein dialog om brannsikring av bygga i tunet og at det vert utarbeida felleskøyrereglar for brannsikring då dei har privat brønn. Foreslår til dømes ein felles brannhydrant for tunet ved den gamle gardskjelda.

Fylkeskommunen si behandling av merknadane frå Nestås, Nestås og Nestås

Vestland fylkeskommune takkar for innspelet og har fyljande kommentarar til merknadane:

Tilhøvet til gardsdrift og tilrettelegging for bruk:

- Fylkeskommunen er oppteken av at det i framtida skal vere mogleg å drive gardsdrift på Ystås. Av den grunn er det i fredingsføresegnene lagt inn ei opning for å bygge nye bygningar knytt til gardsdrifta, som til dømes garasje, innanfor området som er foreslått freda etter kml § 19 under føresetnad av at dei får ei plassering og utforming som tek omsyn til bygningane og grøntområdet som er freda etter kml § 15. Etablering av nye bygningar innanfor området som er foreslått freda vil, etter at fredingsvedtak er gjort, krevje dispensasjon frå fredinga før det kan gjennomførast. Dette vert og presisert under fredingsføresegnene ovanfor.
- Når det gjeld køyrevegane i området som er freda etter kml §19 vil det vere mogleg å oppgradere desse av omsyn til gardsdrifta slik at ein kan køyre med tunge køyretøy. Ei slik oppgradering må gjerast med omsyn til føremålet med fredinga etter kml § 19. Oppgradering av eksisterande vegar som går ut over vanleg vedlikehald vil, etter at fredingsvedtak er fatta, i enkelte tilfelle krevje dispensasjon frå fredinga før det kan gjennomførast. Dette vil måtte vurderast i kvart enkelt tilfelle. Tilhøvet til oppgradering av vegar vert presisert i fredingsføresegnene ovanfor.
- Når det gjeld regulering av tilkomst og kvar besøkande til dei ulike bruka parkerer er dette eit privatrettsleg forhold som må løysast mellom eigarane av dei ulike bruka i tunet. Dersom det er behov for å gjere fysiske tiltak knytt til parkering vil dette, etter at fredingsvedtak er gjort, krevje dispensasjon frå fredinga før dei kan gjennomførast.

Tilhøvet til utviding av fredingsomfang:

- I samband med nytt varsel om oppstart av freding i 2023 har Vestland fylkeskommune vurdert om nausta ved Granvinsvatnet skulle vere med i fredinga då dei er ein del av den heilskaplege gardstrukturen. Då fredingssaka primært har vore konsentrert kring tunet og tunskipnaden har fylkeskommunen valgt å vidareføre dette prinsippet. I varsel om oppstart av 30. mai 2023 vart det gjort noko utviding av fredingsomfanget jf. varsel om oppstart av fredingssak av 1999 og 2009. Denne utvidinga omfatta at to bygningar, eit kvernhus og ei utløe, samt eit grøntområde/hagar i tunet vart inkludert i varsel om freding etter kml § 15 og

at eit større område av innmarka nærast tunet vart varsla om freding etter kml § 19. Til saman utgjer dette ein stor del av begge bruka. Når det gjeld ei vidare utviding av fredinga har fylkeskommunen vurdert at stølane og nausta ikkje er av nasjonal interesse i seg sjølv og då dei ligg langt i frå tunet kan vi ikkje forsvare ei freding av desse som ein del av tunet. Under arbeidet med fredingssaka har fylkeskommunen også valgt å ta ut forslag om freding av hagar/grøntareal kring tunet etter kml §15 då vi har vurdert at det er for lite att av dei gamle hagane i tunet til at vi kan forsvare bruk av § 15 for dette arealet. Arealet er no foreslått freda i medhald av kml § 19.

#### Tilhøvet til grøntområde:

- Når det gjeld grøntområde og dei endringane som har vore gjort der i seinare tid vert dette freda slik det er på fredingstidspunktet. Fylkeskommunen har ikkje mynde til å krevje nyare plantingar fjerna då dei har kome før fredingsvedtaket har blitt gjort. Når det gjeld bjørketrea ved den private skogsvegen som eigar av bruk 1 ynskjer fjerne, er dette eit privatrettsleg tiltak som må løysast mellom eigarane av bruk 1 og 3. Dersom trea skal fjernast etter at det ligg føre eit fredingsvedtak for tunet vil tiltaket krevje dispensasjon frå fredingsvedtaket før det kan gjennomførast.
- Når det gjeld å oppretthalda den gamle stølsvegen frå Eide/Nestås til stølane på Steinsete, går vi ut i frå at traseen går gjennom området som er foreslått freda ved Ystås. Ei freding av Ystås vil ikkje vere til hinder for at eksisterande stølsveg vert oppretthalde.

#### Tilhøvet til brannsikring:

- Fylkeskommunen er oppteken av at tunet skal vere godt sikra mot brann og vi vurderer forslaget om ein felles brannpost som eit godt tiltak for å sikre tunet mot brann.

Ny merknad av 10. desember 2023 frå Aslaug Jorunn Nestås

Etter at fylkeskommunen har svart ut merknaden av 7. august 2024 mottok fylkeskommunen ein ny e-post frå eigar av bruk 1 med ytterlegare merknadar:

- Ho presiserer at vegen til Ystås er kommunal og endar i snuplassen. Parkering er teikna inn som ei utviding av vegen mellom brua og snuplassen, men at parkeringsplassane ikkje er tilstrekkeleg utført.
- Når det gjeld grøntområdet presiserer Nestås at tidlegare plantingar til eigar av bruk 5 ikkje er gjort i samråd med tidlegare eigar av bruk 1, jf. opplysingar i henna kjøpskontrakt ved overtakinga av bruk 1.
- Når det gjeld tilhøvet til brannsikring presiserer Nestås at den eksisterande brønnen er liten og ikkje tett. Ho meiner også at ved ein eventuell brann vil den ikkje dekke behovet for vatn. Brønnen er eigd av bruk 1 og 3, men ho finn

samarbeidet om vedlikeholdet av den vanskeleg. Vidare peikar ho på at det tidlegare låg ein gardsbrønn ved snuplassen der det er god tilsig av vatn.

Fylkeskommunen si behandling av merknadane frå Nestås

Fylkeskommunen takkar for opplysingane og har fyljande kommentarar:

- Når det gjeld behovet for parkeringsplassar i tilknytning til snuplassen er dette eit tiltak som må løysast av eigarane. Viss parkeringsarealet skal utvidast i forhold til eksisterande situasjon vil det etter at eit fredingsvedtak er gjort, krevje dispensasjon frå fredinga etter § 19.
- Når det gjeld plantingar i tunet er dette eit forhold mellom dei enkelte eigarane og fylkeskommunen har difor ingen kommentar.
- Når det gjeld tilhøvet til vedlikehald av brønnen er dette noko som må løysast mellom eigarane, og fylkeskommunen har ingen kommentarar til dette. I forhold til brannsikring av tunet viser vi til vår kommentar til merknaden av 7. august 2023.

### **Fredingsforslag på offentlig ettersyn**

Vestland fylkeskommune utforma deretter eit fredingsforslag, som i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 vart sendt til høyring til partar i saka den 21. februar 2024 og lagt ut til offentlig ettersyn hos Vestland fylkeskommune og Voss herad. Den 5. mars 2024 vart det kunngjort i avisene Hordaland og Bergens Tidende, og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentlig ettersyn i Voss herad og Vestland fylkeskommune.

Frist for merknadar til forslag om freding vart sett til 22. april 2024.

### **Merknader til fredingsforslaget med kommentarar frå fylkeskommunen**

Det kom inn i alt fire merknader til fredingsforslaget. Merknadene er her kort gjevne att med kommentarar frå fylkeskommunen:

Merknader frå Vestland fylkeskommune, Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering behandla høyringa av forslag om freding i sitt møte den 13. mars 2024 der dei gjorde fyljande samrøystes vedtak i sak PS 35/2024:

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering er positive til forslag om freding av tunet på Ystås i Voss herad då det tek vare på dei kulturhistoriske verdiane i tunet på ein god måte.
2. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering ber avdelingsdirektøren følge opp høyringsframlegget og kome attende med endeleg forslag om freding når høyringsmerknadane er vurderte og Voss herad har handsama fredingsforslaget i kommunestyret.

Fylkeskommunen si behandling av merknad frå Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Administrasjonen i Vestland fylkeskommune vil utforme eit endeleg forslag om freding etter at saka har vore til behandling hos heradsstyret i Voss herad. Det endelege forslag om freding vil bli lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og inkludering for behandling før det vert sendt over til Riksantikvaren for vedtak om freding.

Merknad frå Torunn Ystaas

I merknaden av 14. april 2024 gjev Torunn Ystaas greie for endringane i tunet etter 1985 og sitt arbeid med å ta vare på Glasstova på bruk nr. 5, samt endringane i eigarforholda til tunet frå 1985 til i dag. Ystaas er i merknaden oppteken av tunskipnaden og grøntarealet og meiner at sidan tunet har hatt status som freda frå 1999, då første varselet om freding vart sendt ut, så må det tilbakeførast til slik det var tidlegare og at dei endringane som eigar av bruk 1 har gjort må reverserast.

I merknaden har Ystaas fleire merknadar knytt til fylkeskommunen sine kommentarar til henna merknadar til nytt varsel om oppstart av fredingssak i 2023.

- Her peikar ho på at ho gjentatte gonger har gjort fylkeskommunen merksam på endringane i tunet etter 2012 og meiner at det er naudsynt at uteområdet vert tilbakeført og at dette ikkje kan vere opp til den enkelte grunneigar slik fylkeskommunen har svara i kommentaren til Ystaas sin merknad til ny melding om oppstart av freding i 2023.
- Merknad om parkering der ho kjem med ei kort oppsummering av kva tiltak som har blitt gjort i forhold til dette i tunet og meiner at det ikkje skal vere tillate å parkere bilar i tunet, med unntak av tilkøyrsel med kortvarig parkering for avlesning. Varig parkering av køyretøy i tunet meiner ho er i mot fredingsføreskriftene.
- Ho gjev ein gjennomgang av endringane knytt til at køyrevegen til driftsbygningen til bruk 1 som gjekk på framsida av glasstova henna vart fjerna og nyare beplantning som har kome der i ettertid. Der ho meiner at beplantninga til bruk 1 i dette området må fjernast.
- Merknad til tømmerveg og stølsvegar som ikkje er med i forslag om freding og peiker på at det er viktig at desse vert vedlikehalde.
- Merknad om at grøntområdet må bli ivaretake av fredingsvedtaket på lik line med husa. Her peikar ho også på at stølane og nausta, samt grøntområdet kring desse som viktig å bevare sjølv om dei ikkje vert omfatta av fredinga.
- Ystaas peikar på at det i tunet og dei nære omgjevnadane er trær som er viktige for tunet og som ikkje bør fellast. Vidare tek ho opp problemstillinga kring trær som tidlegare er felt og kappinga/stubbinga av trerekka med bjørk og lerketre langs Liasetvegen mot oppstiginga til Steinsete som ligg innanfor den føreslegne

områdefredinga. Ystaas meiner at trerestane må fjernast og erstattast med nyplanting for å bevare både skjerminga og synsinntrykket av tunet.

Avslutningsvis ynskjer Ystaas at fredingsvedtaket vil styrkja og verna om Yståstunet med område både no og i framtida.

Fylkeskommunen si behandling av merknad frå Torunn Ystaas

- Når det gjeld status som freda tun er dette eit vern tunet får etter at Riksantikvaren har gjort vedtak om freding av Ystås i medhald av kulturminnelova §§ 15 og 19. Eit slikt vedtak kan Riksantikvaren gjere etter at fylkeskommunen har oversendt forslag om freding som har vore utarbeida i tråd med føringane for saksbehandling i kulturminnelova § 22. Når det gjeld korleis fylkeskommunen har behandla tunet viser vi til vår kommentar ovanfor til Torunn Ystaas sin merknad til varsel om oppstart av fredingssak.
- Når det gjeld bilar er dette ein flyttbar gjenstand og fredinga vi ikkje kunne regulere kvar eigarane parkerer bilane sine i tunet, då fredinga kun set begrensingar for fysiske tiltak på eigedomen.
- Fylkeskommunen er einig i at grøntområdet med trær, plantar og ferdsleveggar er viktige for å oppretthalde tunskipnaden. Dette omsynet har blitt lagt inn i forslag til fredingsføresmål og fredingsføresegner. Fredingsvedtaket vil omfatte eigedomen slik den er på fredingstidspunktet, det vil sei når Riksantikvaren gjer vedtak om freding. Vi har her ikkje heimel til å krevje at tidlegare tiltak skal reverserast. I fredingsføresegnene er det lagt inn ei moglegheit til å tilbakeføre både bygningar og grøntareal til slik det har vore tidlegare dersom eigar ynskjer det.

Merknad frå Aslaug Jorunn Nestås

Merknaden omhandlar istandsetjingsarbeidet som Nestås har gjort på bruk 1 etter at ho overtok garden. I tillegg har no nokon merknadar knytt til fredingsdokumentasjonen og ynsket om å få fjerna Telenor sine leidningar i tunet.

Fylkeskommunen si behandling av merknad frå Aslaug Jorunn Nestås

Vestland fylkeskommune har lagt inn opplysingane frå e-posten til Nestås inn i fredingsdokumentasjonen som fyl saka. Når det gjeld Telenor sine leidningar som ikkje lenger er i bruk er dette ei sak mellom eigar og Telenor, men fylkeskommunen har forståing for at eigar ynskjer å få desse fjerna. Dersom eigar har behov for ei stadfesting frå fylkeskommunen om at ei fjerning av leidningane er uproblematisk sett i forhold til fredingssaka kan fylkeskommunen skrive ei slik stadfesting.

Merknad frå Voss herad

Voss herad har i sitt brev fleire merknadar knytt til den føreslegne områdefredinga etter kml § 19. Innspela gjeld omsynet til vidare og framtidig gardsdrift. I tillegg opplyser dei om at det i området ikkje er registrert nokon spesielle naturtypar knytt til landbruksarealet og at dette arealet er i dag drifta etter moderne landbruksprinsipp. Dei har fyljande merknadar til forslag om freding:

- Behovet for skjøtsel av drensssystem på innmarka for å oppretthalda god jordstruktur og produksjon av gras, samt oppgradering av lukka drengrofter. I tillegg er det behov for moglegheit til å drenere areal som i dag ikkje er drenert.
- Behov for å tillate å gjerde inn områder brukt til beiting enten permanent eller mellombels.
- Opning for å føre opp kårhus ved behov på bruk nr. 3, i tråd med gjeldande kommuneplan for Voss herad kap. 9.3 Gardstun i LMF «Det kan vere inntil to bustadhus på ein landbrukseigedom. Alle bustader knytt til landbrukseigedom skal lokalisrast som ein del av tunskipnaden. Landbruksfagleg vurdering skal liggja føre. Bustaden må utformast med omsyn til estetikk og bygningsmiljøet på garden.»
- Voss herad føreset at fredinga ikkje skal vere til hinder for normal drift og vedlikehald av den kommunale Åsingavegen.

Fylkeskommunen si behandling av merknad frå frå Voss herad

Vestland fylkeskommune er opptatt av at det også i framtida skal kunne vere gardsdrift på Ystås i området som er føreslått freda etter kml § 19 og har lagt til rette for dette i fredingsføresegnene. Når det gjeld behovet for oppgradering og vedlikehald av dreneringssystema vil det kunne gjevast dispensasjon frå fredinga for desse tiltaka. Når det gjeld oppsetjing av permanente gjerder må dette løysast gjennom dispensasjon frå fredingsvedtaket.

Tunet på Ystås er i dag godt bevart og utan nye bygningar i tunet. Føremålet med fredinga er å bevare heilskapen i tunstrukturen utan at det kjem nyare bygningar tett på den. Det er difor ikkje ynskjeleg at det vert sett opp nye bustadhus inne i sjølve tunet og ingen av eigarane har heller uttrykt noko ynskje om dette i samband med fredingssaka. Dersom dette vert ein aktuell problemstilling vil det måtte behandlast som ei dispensasjonssak frå vedtak om freding.

### **Avgrensa høyring for bruk 3 i 2024, etter eigarskifte**

Etter at høyringa var over vart det eigarskifte av bruk 3. Fylkeskommunen sendte forslag om freding på ei avgrensa høyring til dei nye eigarane i brev den 10. juni 2024 med svarfrist til 2. august 2024. Det kom ikkje nokon merknadar til denne høyringa.

### **Politisk behandling i Voss heradsstyre**

Forslag om fredning vart oversende Voss herad, jf. kulturminnelova § 22 nr. 3 for politisk fråsegn frå heradet.

Voss heradsstyre behandla forslag om fredning av Ystås i sitt møte 12. september 2024 i sak HST – 61/24 der dei gjorde fyljande vedtak:

HST – 61/24 Vedtak

Voss herad stiller seg bak Vestland fylkeskommune sitt framlegg om fredning etter kulturminnelova § 15 og § 19 av tunet på Ystås i Granvin.

### **Politisk behandling i Vestland fylkeskommune**

Forslaget om fredning vart behandla av hovudutval for kultur, idrett og inkludering i deira møte 16. oktober 2024 i sak PS 115/2024 der dei gjorde fyljande samrøystes vedtak:

Vedtak

- 1.Hovudutvalet er positive til framlegg om fredning av tunet på Ystås i Voss herad. Framlegget tek vare på dei kulturhistoriske verdiane i tunet på ein god måte, samstundes som det framleis skal vere mogleg å både bu og drive gard her.
- 2.Vestland fylkeskommune sender forslaget om fredning over til Riksantikvaren og ber om at det vert gjort vedtak om fredning av tunet på Ystås i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

### **Riksantikvarens behandling av fredingssaka**

Forslag om fredning med politisk vedtak vart oversendt frå Vestland fylkeskommune til Riksantikvaren 21. oktober 2024. Riksantikvaren har samband med fredingssaka vore i dialog med fylkeskommunen, og eigarar. Riksantikvaren var på synfaring på Ystås 20. mai 2022, saman med eigarane og fylkeskommunen.

Fredingssaka for Ystås har beklageleg gått over eit langt tidsrom og vi har forståing for at dette har vore til ulempe for eigarane. Fleire av eigarane har vist stort engasjement i saka opp gjennom tidene, men samstundes har saka til dels vore prega av ueinigheit mellom eigarar.

I vår gjennomgang av fredingssaka vart det oppdaga at fredingsomfanget til dei to løane under bruk 1 hadde blitt bytt om i fredingsforslaget. Det er løa med kulturminneID 127061-8 som skal ha interiørfreding, og ikkje løa med kulturminneID 127061-4, slik det stod tidlegare. Dette er blitt korrigert under omfanget av fredinga.

Riksantikvaren har gjort nokre endringar i føremålet med fredinga og i føresegna:

- I føremålet med fredinga etter kml § 15 har vi presisert at det er opplegget for akslingar og reimer for kraftoverføring til maskinene i verkstaden og til slipesteinen til bruk 1 som skal bevarast i verkstaden til bruk 1.
- Under føresegna for § 19 har vi vald å ta ut bokstav g) om nydyrking og markslagsendring, då vi meiner dette ikkje er behov for forbod mot dette i denne områdefredinga. Under føresegna er det tatt inn eit nytt avsnitt om at fredinga ikkje er til hinder for å etablere ein brønn som del av brannsikringa av tunet, i tråd med merknader som har komme til dette i høyringa av fredingsforslaget.

Riksantikvaren har elles gjort enkelte strukturelle og tekstlege endringar i formålet med fredinga, i omfanget av fredinga og i føregena. I tillegg har vi kommentert på grunngevinga for fredingas omfang og tilstandsvurderinga i desse kapitla.

Vi meiner og at fylkeskommunen har behandla dei innspela som kom inn i dei ulike innspelsrundane på ein god måte. Vi har ingen ytterlegare merknad til dette.

Fredingsdokumentasjon del 2A-2D følger vedtaket, og blir sende i egne brev til eigarane.

### **Moglegheit til å klage på vedtaket**

Vedtaket om freding kan påklagast innan tre veker frå mottakinga. Eventuell klage blir send til Riksantikvaren. Viss klaga ikkje blir teken til følgje, sender de klaga til Klima- og miljødepartementet for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

### **Tinglysing**

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5.

Helsing

Marianne Louise Nielsen  
avdelingsdirektør

Hanna Kosonen Geiran  
riksantikvar

**Brevet er elektronisk godkjend**

## Vedlegg:

Fredingsdokumentasjon del 1A

Fredingsdokumentasjon del 1B foto eksteriør bruk 1

Fredingsdokumentasjon del 1C foto eksteriør bruk 2

Fredingsdokumentasjon del 1D foto eksteriør bruk 3

## Mottakrarar:

Aslaug Jorunn Nestås

Olav Kjerland

Gunhild Ulberg Kjerland

Torunn Ystaas

## Kopi til:

Klima- og miljødepartementet

Vestland fylkeskommune

Voss herad